

Kvalitetssystem for NLA Høgskolen

Vedtak: Styret 16.12.2013

Justert kvalitetssystem vedtatt: Styret 04.06.2020

Endra ultimo november 2018 etter ny organisasjonsplan av 22.06.2017 og forskrift om tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning av 07.02.2017



Innhold

1	INNLEIING	2
1.1	Formål og verdier	2
1.2	Forståing av utdanningskvalitet.....	3
1.3	Kvalitetssystemet.....	3
2	ORGANISERING, ANSVAR OG GJENNOMFØRING	3
2.1	Organisering i syklus i tre fasar	5
3	DATAGRUNNLAG	6
3.1	Evaluering og rapportering	8
4	STYRET	9
5	INFORMASJON OG RAPPORTERINGSKALENDER	9
6	EKSTERNT KVALITETSUTVAL	9
7	SEI-FRÅ-PORTAL	9
8	UTVIKLING AV STUDIAR OG GODKJENNING AV PLANAR	10
8.1	Vedtaksorgan	10
8.2	Utviklingsarbeid	10
8.2.1	Oppretting og nedlegging av studieprogram	10
8.2.2	Nye emne i eksisterande studieprogram	11
8.2.3	Revisjon av eksisterande planar	11
8.3	Godkjenningsprosess	11
9	Opplæring og oppfølging av ansatte	12
10	Ressurser	12

1 INNLEIING

I følgje NOKUT er grunnlaget for å vurdere kvaliteten i utdanningane dei nasjonale krava i forskrifter frå Kunnskapsdepartementet og NOKUT og institusjonane sine egne strategiar og regelverk for utdanningskvalitet.

1.1 Formål og verdiar

Arbeid med kvalitetsutvikling skjer innafør rammene av følgjande grunnleggande dokument:

- *Vedtektene* for NLA Høgskolen § 5 og § 6 synleggjer vår basis og formål:

§ 5 Basis

NLA Høgskolen bygger på den kristne tro slik den er uttrykt i Bibelen og den evangelisk-lutherske bekjennelse¹.

§ 6. Formål

Ut fra en kristen forståelse av natur, menneske, kultur og samfunn har NLA Høgskolen som formål å fremme danning, dyktiggjøre mennesker til tjeneste i hjem, arbeid og fritid, og bidra kritisk og konstruktivt til å møte lokale, nasjonale og globale utfordringer.

Høgskolen har forskning, utviklingsarbeid, undervisning, veiledning og formidling som sine viktigste oppgaver, og vil:

- legge til rette for et godt faglig, sosialt og kristelig miljø for studenter og ansatte med respekt for den enkeltes livssyn
 - gi hjelp til livs- og kulturtolkning
 - vie grunnlagsspørsmål stor oppmerksomhet
 - studere bærende institusjoner og strukturer i kultur og samfunn
 - støtte flerfaglige tilnærmingar
 - bidra til danning av etisk bevissthet og fremme grunnleggande holdningar: respekt for naturen og menneskeverdet, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet
 - forberede til tjeneste i hjem, barnehage og skole, kirke og misjon og i andre kultur- og samfunnsinstitusjoner.
- *Organisasjonsplan for NLA Høgskolen*
 - *Strategiplan for NLA Høgskolen*

Det vises elles til ulike handlingsplanar publisert på nla.no

¹ Her forstått som de tre oldkirkelige trosbekjennelser, Confessio Augustana og Luthers lille katekisme. Disse bekjennelsesskriftene er felles for Den norske kirke og Den Evangelisk Lutherske Frikirke

1.2 Forståing av utdanningskvalitet

Utdanningskvalitet på NLA Høgskolen femner alle område og alle prosessar som ligg til grunn for studentane si danning og kvalifisering. Dette er eit arbeid som tek tid og som krev tolmod.

Arbeid med menneske femner heilskapen; kunnskap, dugleik og haldningar. I våre plandokument vil vi vere tydelege, profilerte og dristige når vi meislar ut vår forståing av kvalitet. Likevel er dette eit spørsmål vi aldri vert ferdige med, og vi vil aldri synes å ha nådd målet.

1.3 Kvalitetssystemet

Kvalitetssystemet er etablert for å halde ved like utdanningskvaliteten og systematisk vidareutvikle denne og motivere tilsette til vedvarande utviklingsarbeid.

Gjennom det systematiske kvalitetsarbeidet vil vi få fram resultat, systematisere og tolke dette slik at det på beste måte kan gi informasjon om status innan dei ulike ansvarsområde. Vi vil så krevje at dei ansvarlege på kvart område legg til rette for systematisk refleksjon om resultata, gjer sine val for framtida og gjennom dokumentasjon gjer dette synleg for alle i organisasjonen. Det opnar for at vi, i tillegg til å vurdere om vi har nådd mål vi har sett, kan fange opp og verdsette det kreativt nyskapande som ingen kom på å leite etter. Det kan bidra til at den skapande konstruktive dialogen mellom tilsette, studentar og samfunnet kan få den sentrale plassen den bør ha i arbeid med kvalitet i høgare utdanning. Slik vil vi utvikle kvaliteten på utdanningane, til beste for studentane og framtidens skiftande samfunn.

Systematisk refleksjon er å *studere* arbeidet i lys av tilgjengeleg informasjon, grunnlagsdokument og måldokument og *handle*, altså gjere val for framtida, på bakgrunn av det. Samtidig som det er ledd i eit kontinuerleg forbetningsarbeid skal leiar saman med si gruppe på gitt tidspunkt i året utarbeide rapport. Slik vert dette arbeidet synleg for andre og kan danne grunnlag for vurdering over tid.

Utdanningskvalitet omhandlar også systematiske prosesser for systematisk å kontrollere at alle studietilbod tilfredsstillir krava fastsatt av sentrale styresmakter og høgskolen sjølv. LOKUT med sin administrasjon har eit særleg ansvar for dette.

2 ORGANISERING, ANSVAR OG GJENNOMFØRING

Ansvarsfordeling

Organisasjonsplanen viser ansvarsfordelinga i organisasjonen og er tilgjengeleg på høgskolens nettsider og i kvalitetsportalen. Organisasjonsplanen er bygd opp slik at ansvarsområda knytt til kvalitetsarbeidet skal vere veldefinerte. Endring av organisasjonsplanen vil ha konsekvensar for kvalitetsarbeidet, og erfaringar med kvalitetsarbeidet vil kunne få konsekvensar for organisasjonsplanen. Kvar del av høgskolens organisasjon har ansvar for sitt viktige bidrag til studiekvalitet.

Tilsett og student

Alle tilsette har sitt arbeidsområde å ta vare på slik at NLA Høgskolen på best mogleg måte kan realisere sitt formål og legge til rette for studentens danning og kvalifisering. Det vitskapelege personalet skal sørge for å vere fagleg oppdatert og sjå til at utdanninga er forskingsbasert. Den einskilde medarbeidar reflekterer over eige arbeid som grunnlag for førebudde utviklingssamtalar. I samband med desse utarbeider kvar medarbeidar eit notat som både medarbeidar og leiar skriv under på. Det vert arkivert hos medarbeidaren, og det er med å danne grunnlag for neste samtale.

Avdelingane har ansvar for å legge til rette for kollegasamarbeid og for fagleg og pedagogisk utvikling. Kvaliteten på studentens utdanning er nært knytt til kvaliteten på studentens eige arbeid. Danning er eit samspel mellom individ og fellesskap. Studiemiljøet er avhengig av studenten, og studenten er avhengig av studiemiljøet. Gjennom planar og reglement vil vi på bakgrunn av styresmaktene sine rammer og eigne grunnlagsdokument stille relevante krav som grunnlag for studentens kvalifisering.

Vi vil legge til rette for at studenten systematisk reflekterer over eige arbeid, både individuelt arbeid, samarbeid med andre studentar, og eige bidrag til studiemiljøet. Også her vert det fokusert på kvalitet å ta vare på, og på område der det trengs endring av retning. I profesjonsutdanningane skjer dette gjennom systematiske profesjonssamtalar.

Styret

Styret har det overordna ansvaret for høgskolen sitt kvalitetsarbeid og for utviklinga av den totale studieporteføljen. Det følgjer av universitets- og høyskoleloven § 8 -1 fjerde ledd at "styret skal sørge for at studentene får den utdanningen som er forutsatt som grunnlag for akkrediteringen, at alle vilkår for eventuelle offentlige tilskudd overholdes, og at virksomheten drives i samsvar med lover og forskrifter."

Rektor

Rektor har eit overordna ansvar for kvalitetsarbeidet.

LOKUT

LOKUT har ansvar for og mynde til å føre tilsyn med utdanningskvaliteten ved NLA Høgskolen ut frå rammer gitt av universitets- og høyskoleloven, forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, NOKUT sin studietilsynsforskrift og NLA Høgskolen sine eigne vedtekter og rapporterer til styret. Det omfattar å utvikle planar for og føre tilsyn med utdanningskvaliteten, og utarbeide årleg rapport i følgje plan for kvalitetsutvikling. LOKUT har ansvar for godkjenning av studie- og emneplanar høgskolen er akkreditert for å godkjenne og å godkjenne andre planar for oversending til NOKUT for godkjenning. LOKUT har vidare ansvar for kompetanseutvikling på dette området og å fastsette rammer for sensur.

Studiesjef

Studiesjef er kvalitetsleiar og systemansvarleg for kvalitetsarbeidet. Til rolla ligg ansvar for både utvikling og drift av kvalitetssystemet, og sørge for at systemet fungerer som et godt verktøy i arbeidet med å sikre og vidareutvikle utdanningskvalitet. Studiesjef har hovudansvar for rapporteringsarbeidet og for at system og verktøy i kvalitetsarbeidet fungerer og brukast etter

intensjonen. Vidare skal studiesjef bidra til god forankring i leiinga gjennom dialog med leiare på ulike nivå i både faglege og administrative styringslinjer. Studiesjef leiar LOKUT-administrasjonen, som bidrar i dette arbeidet.

Studieadministrativ leiar

Studieadministrativ leiar har med sin studieadministrasjon ansvar for studieadministrative oppgåver som inntak, eksamensavvikling, vitnemålsutskrift, rapportering, studentvegleiing og så vidare.

Prorektor for utdanning

Prorektor for utdanning har det overordna ansvaret for kvalitet i utdanningane. Dei vitenskaplege avdelingsleiarane rapporterer til prorektor for utdanning. Prorektor for utdanning har eit særleg ansvar for å følge opp krav til fagmiljø saman med avdelingsleiar og studieprogramleiar/programansvarleg.

Avdelingsleiar og avdelingsmøte

Ansvaret for utdanninga er organisert i avdelingar der avdelingsleiar har ansvar for utdanningskvaliteten. Dette kan vere delegert til studieprogramleiar/programansvarlege som har ansvar for utdanningskvaliteten i sitt program. Slik kan tilsette og studentar vite kven som har heilskapleg ansvar for eit studieprogram. Avdelingsråd er enten sett saman av alle emneansvarlege knytt til programmet, eller studieprogramleiar/programansvarlege, kullansvarlege og eventuelt andre med koordineringsansvar. Vidare møter FoU –og internasjonaliseringsansvarleg i avdelinga, studentrepresentantar, representant for studieadministrasjon og representant for praksisadministrasjon der det er aktuelt. Avdeling kan ha seksjonar med særleg ansvar for fagområde som går på tvers av studieprogram. Avdelingsleiar skriv referat frå møta.

Avdelingsleiarråd

Avdelingsleiarråd er rådgjevande organ for rektor i saker av overordna og strategisk betydning, inkludert utvikling av den totale studieporteføljen.

Læringsmiljøutvalet

Læringsmiljøutvalets ansvarsområde følgjer av uh-loven § 4-3. LMU rapporterer til styret. Sjå gjeldande mandat for LMU i Kvalitetsportalen.

Studentparlament og studentråd

Studentparlamentet (SP) er det overordna studentorganet for heile høgskolen med representantar frå alle studiestadene. I tillegg er det studentråd ved kvar studiestad. Her sit studentrepresentantar for kvart kull/studiedel. Dei er også representert i dei ulike avdelingsråda. Det vert halde dialogmøte mellom SP og leiinga (rektor og studiesjef) minst ein gong kvart semester. Studiesjef skriv referat frå møta og referata ligg i kvalitetsportalen. SP deltek i behandlinga av kvalitetsrapporten på avdelingsleiarråd i haustsemesteret.

2.1 Organisering i syklus i tre fasar

Kvalitetsarbeidet er ein kontinuerleg utviklingsprosess. Evaluering med rapportering skjer årleg i

tre fasar:

- I fase 1 vert studieprogram evaluert.
- I fase 2 vert forslag til kvalitetsrapport utarbeidd med utgangspunkt i rapportane frå fase 1 og data på institusjonsnivå. Arbeidet skjer i samarbeid med dei leiarane som har hatt ansvaret i fase 1. Rapporten vert handsama i LOKUT og vedtak vert fatta i styret.
- I fase 3 vedtar styret rullering av strategisk planverk.

Fase 1: Kvalitet i studieprogram

Avdelingsleiar utarbeider årleg rapport om kvalitet i arbeidet i eige ansvarsområde og set mål for komande år basert på rapportering frå avdelinga.

Fase 2: Kvalitet for høgskolen

Grunnlag for arbeid på **institusjonsnivå** er:

- Kvalitetsrapportar frå fase 1
 - o Studieprogram i avdelingane
- Årsrapport frå læringsmiljøutvalet
- Årsrapport til departementet som omfattar alle sider av høgskulensi verksemd
- Årsrapport frå Studentparlamentet
- Årsrapport frå studentombud
- Statistiske data frå DBH og andre data relevant for vurderingar på institusjonsnivå
- Informasjon om samfunnet vi utdannar til

Dette er grunnlag for utforming av *kvalitetsrapporten*. LOKUT handsamar denne, gir si tilråding og sender rapporten over til handsaming og vedtak i styret. Evaluering og vedtak dannar grunnlag for strategisk arbeid i fase 3.

Fase 3: Strategisk arbeid på institusjonsnivå

Styret fastset overordna strategiar knytt til alle vesentlege verksemdsområde som undervisning (t.d. nye studietilbod), FoU, ekstern verksemd, økonomi og drift, og også rammer for neste års systematiske kvalitetsarbeid.

3 DATAGRUNNLAG

Kvalitetsportalen

Alle relevante resultat og rapportar i det systematiske kvalitetsarbeidet skal lagrast i kvalitetsportalen der alle tilsette har lesetilgang. Dette sikrar at den einskilde leiar, og også andre, både kan vurdere utvikling over tid og samanlikne utdanningar. Kvalitetsportalen skal ikkje innehalde personopplysningar.

Verktøy og prioritering

I kvalitetsrapporten kan det fastsettest årlege satsingsområde i kvalitetsarbeidet gjennom handlingsplan. Som del av dette kan det leggest overordna føringar for kva data som skal innhentast og ligge til grunn for evaluering og rapportering.

Fase 1

Den einskilde leiar skal i årleg evaluering kommentere og gjere val på bakgrunn av dei resultat som ligg føre; sjå mal. For avdelingsleiarane vil følgjande datagrunnlag vere aktuelt:

- Kvalitetsrapport frå emneansvarleg og studieprogramleiar/programansvarleg
- Relevant innhald i kvalitetsdatabasen og DBH
- Studentevalueringar, sjå prosedyre for studentevalueringar og verktøyskasse i kvalitetsportalen
- Resultat av utviklingssamtalar med studentane
- Referat frå møter og relevant korrespondanse
- Kandidat- og avtakerundersøkingar
- Eventuelle andre resultat

Studentrepresentantar skal innkallast til evalueringsmøter minst ein gong kvart semester. Program med studentpraksis skal inkludere praksisfeltet i evaluering, til dømes gjennom evalueringsskjema til både praksislærarar og studentar.

Fase 2

- Kvalitetssystem for NLA Høgskolen med aktuelle vedlegg
- Årsrapport med mål for NLA Høgskolen
- Årleg evaluering frå
 - studieprogramnivå
 - avdelingsnivå
 - FoU- og internasjonaliseringkoordinator
- Resultat av spørjeundersøkingar frå
 - studentane
 - praksisfeltet
- Rapportar frå ekstern sensur
- Lenke til dei mest relevante statistikkar i DBH og andre relevante sentrale databaser

Fase 3

Det strategiske arbeidet på institusjonsnivå bygger på:

- Kvalitetsrapporten vedteken av styret
- Årsrapport til departementet som omfattar alle sider av høgskulensi verksemd

3.1 Evaluering og rapportering

Fase 1

Emneansvarleg evaluerer eige emne årleg og utformar rapport på om lag 1 A4-side, sjå mal i kvalitetsportalen. Avdelingsleiar med sine programansvarlege, vurderer og kommenterer datagrunnlaget, her under mål sett for eige ansvarsområde sist år. Ordet datagrunnlag vert her brukt i vid forstand og inkluderer for eksempel også referat frå utviklingsorienterte kreative prosesser i programmet. Rapporten skal peike både på kvalitet som er verd å ta vare på og utvikle vidare, og på manglande kvalitet som må rettast på. Til slutt kjem val for framtida sortert i val ein har hand om innan eige ansvarsområde og val som bør vurderast i strategisk prosess. Rapporten skal i tillegg ha eit samandrag på om lag ei A4-side. Dette følgjer kvalitetsrapporten som vedlegg. Samandraget kan endrast i prosessen fram mot ferdigstilling av rapporten.

Fase 2

Studiesjef er ansvarleg for å utarbeide forslag til kvalitetsrapport. Rapporten skal innehalde:

- **Rammekvalitet**
viser strukturelle rammer for utdanningsvirksomheten som regelverk, økonomi, infrastruktur, utdanningsledelse og styringskvalitet.
- **Programkvalitet**
viser det faglege fundamentet for utdanninga som studieplanar, FoU-basering, krav til fagmiljø og internasjonalisering.
- **Inntakskvalitet**
viser studentane sine føresetnader ved inntak som poengsnitt, realkompetanse, alder/kjønn, marknadsføring og oppstart.
- **Gjennomføringskvalitet**
viser kvalitet i planlegging og gjennomføring av utdanningsaktivitetane som informasjonsflyt, undervisning, vegleiing, vurdering, frå intensjon i plan til realitet
- **Relevanskvalitet**
viser relevansen av studium og undervisning for samfunnet utafor høgskolen
- **Erfaringsdeling**
særleg gode tiltak vert løfta fram i lyset, deling av beste praksis.
- **Grunnlag for vidare strategisk prosess**
her vert sett opp dei punkt som rapporten viser er særleg viktige å ta med i vidare strategisk arbeid, og fokusområder for kvalitetsarbeidet inneverande og komande år.

Samandrag frå avdelingsleiar skal følgje som vedlegg. Det skal gå fram av rapporten kva data den bygger på. Forslaget til kvalitetsrapporten vert sendt til høyring i avdelingsleiarråd, LMU, studentparlamentet før handsaming i LOKUT.

Fase 3

Styret vedtek strategiplan tilrådd av rektor etter drøfting i avdelingsleiarråd med avdelingsleiarane og Studentparlamentet.

4 STYRET

Kvalitetsrapporten vert sendt frå studiesjef til LOKUT for tilråding og til styret for vedtak. Styret vurderer eventuelle tiltak som skal setjast i verk straks, og det vurderer om det er sider ved rapporten dei vil be om særleg vurdering av i den vidare strategiske prosessen. Styret kan her også gi føringar for område det skal fokuserast særleg på i komande års kvalitetsarbeid.

5 INFORMASJON OG RAPPORTERINGSKALENDER

Alle skal ha tilgang til kvalitetssystemet, organisasjonsplan, vedtekter, forskrifter/reglement, studie- og emneplanar, periodiske evalueringar og eventuelle andre tilsvarande sentrale dokument. Dette gjeld også planar knytt til strategisk arbeid.

Alle tilsette skal ha elektronisk tilgang til heile kvalitetsbasen i kvalitetsportalen. (For eventuelle ikkje-anonyme undersøkingar vil berre statistiske anonyme data leggest ut.)

Studentane skal som minimum ha tilgang til resultat av evalueringar og evaluering knytt til eige program for siste år, og i tillegg rapportar og planar på institusjonsnivå.

Fristar vert teke inn i **rapporteringskalender og frister for systematisk kvalitetsarbeid ved NLA Høgskolen** og kan justerast frå år til år.

6 EKSTERNT KVALITETSUTVAL

NLA Høgskolen har eit eksternt kvalitetsutval som er oppnemnd av styret og rapporterer direkte til styret. Det skal vurdere om arbeidet med kvalitetsutvikling vert gjort i tråd med dei retningsliner som styresmaktene til ei kvar tid gir for dette arbeidet, og om det er eigna for realisering av NLA Høgskolen sine mål og visjonar. Eksternt kvalitetsutval har normalt eitt møte i året. Studiesjef er sekretær for utvalet.

7 SEI-FRÅ-PORTAL

Hovudprinsippet er at valde representantar for studentar og tilsette har ansvar for å ta opp med ansvarlege leiarar det dei vurderer som avvik frå akseptable kvalitetsnormer innan ulike område. Dette legg til rette for oppfølging gjennom dialog som grunnlag for å finne gode løysingar.

I tillegg er det etablert ein webportal for registrering av meldingar knytt til læringsmiljøet. Studentane har høve til å melde frå anonymt.

Type :

1. Når du er fornøyd
2. Når ting kan forbedres
3. Alvorlige feil og mangler
4. Varsling

Område:

1. Studieprogram (undervisning, vegleiing, vurdering, praksis og liknande)
2. Studieadministrasjon (opptak, eksamensavvikling og liknande)
3. Infrastruktur (bygningmessige tilhøve, kantine, IT og anna)
4. Relasjonar (tilhøve mellom menneske)
5. Anna

Portalen skal gje brukarane informasjon om saksgang, medrekna klagars rettar og pliktar.

Studiesjef les og følgjer opp varslingar, medan rådgivare for utdanningskvalitet har delegert ansvar for dei tre andre kategoriane. Dei vurderer vidare saksgang for einskildsaker som krev oppfølging, gir løpande informasjon til læringsmiljøutvalet og utarbeider årlege rapportar som grunnlag for kvalitetsarbeidet.

8 UTVIKLING AV STUDIAR OG GODKJENNING AV PLANAR

8.1 Vedtaksorgan

- Styret vedtar oppretting eller nedlegging av studietilbod på meir enn 30 studiepoeng og tildeler ressursar for utvikling av nye studietilbod.
- LOKUT godkjenner studie- og emneplanar på bachelornivå i følge gjeldande kriterium og godkjenner planar på masternivå for oversending til endeleg godkjenning av NOKUT.
- LOKUT godkjenner vesentlege endringar i studie- og emneplanar.
- Studiesjef kan godkjenne mindre endringar i studie- og emneplanar.

8.2 Utviklingsarbeid

8.2.1 Oppretting og nedlegging av studieprogram

På bakgrunn av vedtak i styret om oppretting av studieprogram vedtek prorektor for utdanning rammer for utviklingsarbeidet. Dette omfattar:

- Fastsetjing av kva for eit internt fagmiljø som skal ha fagleg ansvar for å utvikle planverket og om dette skal styrkast med ekstern kompetanse.
- Framdriftsplan med fastsetjing av interne høyringsprosessar, klargjering av samarbeid mellom fagleg og administrativ side i utviklingsarbeidet, og frist for ferdigstilling.
- Fordeling av dei ressursar styret har tildelt til utviklingsarbeidet.

Arbeidet munnar ut i dokumentasjon som oppfyller krava i NOKUTs srettteiningar; sjå <https://www.nokut.no/>

Vedtak om nedlegging av studietilbod på 30 studiepoeng eller meir vert gjort av styret etter innstilling frå prorektor for utdanning. Styret skal syte for at studentar som alt er

teke opp på programmet, får fullføre dette i samsvar med forskrift om studier ved NLA Høgskolen.

8.2.2 Nye emne i eksisterande studieprogram

Følgjande rammer gjeld for utvikling av nye emne i eksisterande studieprogram:

- Initiativet til nye emne kan kome som følgje av strategisk prosess på institusjonsnivå i forståing med aktuelle fagmiljø, eller etter initiativ frå programansvarlig i samråd med aktuelle seksjonar.
- Initiativet skal meldast prorektor for utdanning med ei vurdering av om relevant og tilstrekkeleg kompetanse er på plass, og med eventuell søknad om tildeling av ressursar til utviklingsarbeidet. Ressurstildeling kan ikkje påreknast tildelt dersom initiativet ikkje kjem som del av strategisk prosess.
- Søknaden utformast etter *Mal for emnebeskrivelse*.
- Det går fram av årshjulet kva fristar som gjeld for oversending til godkjenning.

8.2.3 Revisjon av eksisterande planar

Revisjon av eksisterande emneplanar vert gjort av emneansvarlege under leiing av avdelingsleiar. Det vert skilt mellom mindre og større endringar.

Med mindre endring meinast justeringar i emneplan som følgje av naturleg løpande utviklingsprosess, derunder endring av pensum. Alle endringar vert gjort i samsvar med *vedtekne malar og rettleiingar*.

Ved større endringar skal endringa grunnjevast, og det skal gjerast reie for eventuelle økonomiske og personellmessige konsekvensar. Ved større endring skal alltid planane skrivast om til å vere i samsvar med gjeldande mal for plan.

8.3 Godkjeningsprosess

Avdelingsleiar set i gang utviklings- eller revisjonsarbeidet etter rammer gitt i avsnitta over. Avdelingsleiar har vidare ansvar for at planane vert sendt inn etter rettleiing frå rådgjevar for utdanningskvalitet innan frist gitt i årshjulet.

Rådgjevar for utdanningskvalitet har ansvar for at planane blir vurdert i forhold til formelle krav, klargjer for godkjenning og har ansvar for arkivering og publisering. Studieadministrasjonen har høve til å gi innspel i denne fasen.

Studiesjef sender planane til LOKUT for godkjenning eller godkjenner på fullmakt. Studiesjef vurderer eventuelle uavklarte spørsmål og gir innstilling til LOKUT om korleis dette skal handterast.

9 Opplæring og oppfølging av ansatte

- Leiinga er ansvarleg for å tilby introduksjonsprogram og relevant kompetanseheving for ulike grupper av tilsatte.
- Avdelingsleiare har ansvar for at nytilsatte gjennomfører introduksjonsprogram og relevant kompetanseheving.

Dersom det vert avdekt svikt i kvalitetsarbeidet, skal ansvarleg leiar sørge for naudsynt oppfølging av den/dei involverte.

10 Ressurser

- **Kvalitetsportalen:** www.nla.no/kvalitet
- Kunnskapsdepartementet (2011). *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)*. Oslo. Hentet fra <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/kompetanse/nkr2011mvedlegg.pdf>
- NOKUT. *Kvalitetsområder i studieprogram. Veiledende dokument* (2016). Hentet fra https://www.nokut.no/siteassets/akkreditering-hu/kvalitetsomrader_for_studieprogram_300816.pdf
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Kultur for kvalitet i høyere utdanning*. (Meld. St. 16 (2016–2017)). Hentet fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20162017/id2536007/>
- Damsgaard, Hilde Larsen (2019). *Studielivskvalitet. Studenters erfaringer med og opplevelse av kvalitet i høyere utdanning*. Scandinavian University Press (Universitetsforlaget). Hentet fra <https://www.idunn.no/studielivskvalitet>